



Arkoconsult As  
Postboks 103  
5291 Valestrandfossen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/8796 - 23/40809

Saksbehandlar:  
Linda Hammersvik Folkestad  
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:  
30.05.2023

## Svar på søknad om dispensasjon - avstand VA-nett - Gbnr 108/138 Lindås



**Tiltak:** Dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett  
**Byggjestad:** Grønfjellet – Gbnr 108/138  
**Tiltakshavar:** Bolig & Eiendom AS  
**Ansvarleg søkjar:** Arkoconsult AS

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett. Det skal setjast opp ei støyskjerm som skal krysse leidningsnett, samt jamne ut terreng over kommunalt leidningsnett for etablere parkeringsplassar.

### Sakutgreiing:

#### Informasjon om saka:

Det søkaste om dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett for støyskjerm som kryssar kommunalt leidningsnett, samt etablering av parkeringsplassar kommunale leidningar på Gbnr 108/138



### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug      post@alver.kommune.no      Kontonummer: 3207 29 30559  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50      www.alver.kommune.no      Organisasjonsnummer: 920 290 922  
00

### Vurdering/drøfting:

Det er tidlegare innhenta uttale vedkomande dispensasjonen. Uttalen er teke med i vedtaket.

#### **Uttale va nett-støyskjern Gbnr. 108/138**

Ledningsnett for vatn og avløp, som krysser gjennom denne eigedomen er etablert i ca 1970.

Muligheten for å utføre grunnarbeid, masseutskifting, opparbeiding av parkeringsplass osv. uten at ein og skifter dette ledningsstrekket er vanskeleg å sjå for seg, det må reetablerast.

På ny situasjonsplan er mur som gjekk heilt rundt parkeringsplass fjerna, men ein skal allikevel utjevne høgdeforskjell med ei fylling, så for ledningsnettets sin del, er ikkje dette noko stor forskjell, det gamle ledningsnett kjem til å ligge svært djupt under parkeringsplass, med dei konsekvenser det vil få, ved ein eventuell utskifting av ledninger.

Ledningsstrekk som ligg gjennom eigedom er spillvatn og overvatn i 160 mm. Forholdsvis enkelt å skifte, og sannsynligvis hensiktsmessig for alle parter, at dette blir lagt litt til side for parkeringsplass som går ut mot Kolåsvegen.

Det er som tidlegare nemt, ein stor usikkerhet til nøyaktig plassering av ledninger, dette gamle anlegget er nok heilt sikkert ikkje innmålt, så her må det gjærast undersøkingar i forkant, for å fastslå nøyaktig plassering.

#### **Støyskjern.**

Om eg har forstått det riktig, skal det plasseres ut enkelt fundament for kvar støtte/vinkeljern til støyskjern, så her må ein berre passe på at det ikkje blir liggande noko fundament oppå ledningsnett tilpasse ledningsnett midt mellom to fundament.

Nøyaktig innmålingsdata-sosi fil, bilder osv, må leverast som sluttdokumentasjon.

Utbygger skal ved masseutskifting og opparbeiding av parkeringsplassar fornye eksisterande leidningsnett. Her skal utbygger sikre at leidningsnett ikkje vert lagt for djupt. Leidningsnett skal ha ei overdekning på minimum 1,2 meter og overdekninga skal ikkje være meir enn 2,5 meter. Krav til overdekning skal sikre at kommunen kan skifte ut leidningane utan at dette får store konsekvensar.

Leidningsnett er i frå 1970, og kommunen har ikkje innmålingsdata på dette. Utbygger må, i forkant av masseutskiftinga, gjere undersøkingar for å fastslå leidningsnettets sin nøyaktig plassering. Det skal sendast inn sluttdokumentasjon på dette med nøyaktige innmålingsdata (sosifil) med bildar til kommunen.

### Samandrag/konklusjon:

Alver kommune ved Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning finn det forsvarleg å gje dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett på vilkår.

#### **Dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett vert gitt på følgjande vilkår:**

- I samband med masseutskifting og etablering av parkeringsplassar skal utbygger fornye eksisterande leidningsnett. Ved reetablering av leidningsnett skal leidningsnett ha ei overdekning på mellom 1,2 m og 2,5 m.
- Det vert ikkje tillate å etablere murar over kommunale leidningar.
- Søyler til støyskjern skal være plassert med god avstand til det kommunale leidningsnett. Dette for å sikre at kommunen kan utføre vedlikehald med tungt maskinelt utstyr. Avstand mellom næraste del av fundament og kommunalt leidningsnett skal være minst 1,0 meter. Avstand skal være målt horisontalt.

Søyler som vert plassert med ei avstand på 1,0 meter frå kommunal leidningsnett, skal være forsvarleg fundamentert, slik at det ikkje er fare for utrasing ved arbeid på kommunalt leidningsnett.

- Alver kommune frå seier seg alt ansvar for skader som oppstår på tiltak som vert plassert nærare kommunalt leidningsnett enn avstandskrav på 4,0 meter. Dersom det under drift, vedlikehald eller utskifting av kommunalt leidningsnett oppstår skade på tiltak, er dette kommunen uvedkomande. Eigar av tiltak skal sjølv sørge for og påkoste utbetring av eventuelle skader.

**Vedtaket gjev løyve til å plassere støyskjerm og parkeringsplass nærare kommunale leidningsnett enn avstandskrav på 4,0 meter. Vi gjer merksam på at tiltak er søknadspliktig etter plan og bygninglova og må ha godkjenning etter dette regelverket for å kunne etablerast.**

Det er med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Administrative bestemmelser pkt. 3.4» at Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning sett krav til tiltak som kjem nærare offentleg leidningsnett enn avstandskrav gitt i regelverk. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve kommunen sitt lovverk og ikkje dei rettar/privatrettslege avtaler ovanfor eventuelle grunneigarar.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-  
avløp-forvaltning

Torkjell Holm Brenna  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Bolig & Eiendom As  
Byggesak v/sakshandsamar

Stølen 26

5911

Alversund

### **Mottakarar:**

**Mottakarar:**  
Arkoconsult As

Postboks 103 5291

Valestrandsfossen